

Lars Øyvind Hillestad  
Alvervegen 37 B  
5911 ALVERSUND

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 20/2962 - 21/21689

Saksbehandlar:  
Laila Bjørge  
laila.bjorge@alver.kommune.no

Dato:  
16.04.2021

## Godkjenning av søknad om bakkeplanering - gbnr 137/19 Alver

**Administrativt vedtak: Saknr: 415/21**

### VEDTAK:

Alver kommune gjev løyve til jordpåfylling og planering på GBNR 137/19 i tråd med søknad og kart datert 3.3.19

Tiltaket skal gjennomførast innan 3. år frå anleggstart.

### Løyvet er gjeve på slike vilkår:

- Lars Øyvind Hillestad (grunneigar) står ansvarleg for at arbeidet blir utført innanfor dei rammer som lovverket sett.
- Det må berre køyrast på reine jord- og steinmassar. Kvart lass skal så langt som råd vere dokumentert.
- Køyring til anlegget skal berre skje innanfor normal arbeidstid.
- Transport av massar inn til området bør skje slik at ein unngår periodar med flest mjuke trafikantar langs vegen / t.d før og etter skulestart og skuleslutt og jobb.
- Arealet skal ferdigstillast til jordbruksarealet enten fulldyrka, overflatedyrka jord eller innmarksbeite i samsvar med krav i arealressurssystemet AR 5.
- Tiltaket skal gjennomførast i samsvar med Tekniske retningslinjer for anlegg, drift og vedlikehald av planeringsfelt fastsett av Landbruksdepartementet.
- Tiltaket skal sikrast mot avrenning
- I nedbørrike periodar bør det ikkje tippast massar eller flyttast massar inne på området.
- Området skal såast til så snart det er teknisk mogeleg, og haldast grønt undervegs i arbeidet så sant det let seg gjera.

Under arbeidet må ein vera merksam på funn/konstruksjonar som kan knytte seg til kulturminne/fornminne og rapportera dette til kommunen eller Hordaland Fylkeskommune, kulturavdelinga, jf. Lov om kulturminne § 8, 2 ledd.

**Alver kommune kan påleggje stans eller andre nødvendige tiltak for å hindre avrenning til vassdrag.**

**Alver kommune skal ha skriftleg beskjed når arbeidet er avslutta.**

**Vedtaket har heimel i forskrift om begrensning av forurensing kapittel 4. Anlegg, drift og vedlikehald av planerings fel §§ 4-4, 4-5, 4-6 og 4-8.**

#### **Saka gjeld mottak av reine jord- og steinmassar til jordbruksføremål**

Eigar av gnr 137 bnr 2 og 19 søker om å få ta i mot reine jord og steinmassar for etablering av fulldyrka jord på eigdomen sin og steimassane skal nyttast til veg i området og til å hindra utgliding av jordmassane. Føremålet med tiltaket er å få eit betre jordbruksareal som er meir bærsterk og tåler tråkk frå dyra utan at det vert skader og avrenning frå arealet. Samstundes vil ein ordna opp i dreneringssituasjon og overflateavrenning. Det vart søkt 19.03.19, men beklagelegvis har saka ikkje fått skriftleg svar før no. Kommunen har gjennomført synfaring og dialog med søker i 2019.



Figur 1 utsnitt av søknad og figur 2 er utsnitt av kommunedelplan for Lindås

I føresegner til kommuneplanen pkt. 3.4.1 er det gitt føring om at saker som gjeldt mottak av massar til jordbruksareal skal handsamast etter forureningsforskrifta kap. 4.

I arealdelen for kommunedelplan for Knarvik – Alversund 2019 – 2031 vedteken i 2019 er det omsøkte området ut til mottak av overskotsmassar (LNF-spreidd næring -LSN 4). Det har såleis vore ei avklaring mot friluftsliv, biologisk mangfold og forminne utan at det er merknader kring dette. Det er lagt inn følgjande føresegner for dette arealet.

#### **3.4.5. LNF SPREIDD NÆRING (LSN)**

Føremålet gjeld spreidd næringsbygg og aktivitet med tilhøyrande tekniske anlegg, vegar og parkering.

Type næringsaktivitet/etablering går fram av tabellen under og kan etablerast utan reguleringsplan i tråd med føresegnene under.

LSN 4A og 4B	Alver	17,6 (samla areal for LSN A og B)	<p>Areal for overskotsmasser til jordforbetringstiltak innan landbruket.</p> <p>Jordmassar som vert tilført skal vere reine.</p> <p>Arealføremålet går tilbake til LNF etter at mottaket av jordmassar er avslutta.</p> <p>Tiltak som ligg under marin grense skal vurderast med omsyn til grunnforhold og stabilitet.</p> <p>Det skal gjerast ei vurdering av konsekvensane for handtering av overvatin når ein fyller ut myrer. For generell handtering av overvatin, sjå elles til kommunen sin temaplan for kommunal infrastruktur.</p> <p>Transport av massar inn til området bør skje slik at ein unngår periodar med flest mjuke trafikantar langs vegen(t.d. før og etter jobb/skule).</p>
-----------------	-------	-----------------------------------------	----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------

Området er i dag nytta som beite utan at dette heilt kjem fram av gardskarte. Det vil ha ein kapasitet til å ta i mot ca. 35.000 m<sup>3</sup> med reine jordmassar for jordforbetringstiltak. I søre delen går det ei lukka grøft som er utløpet frå den fulldyrka jorda som ligg vest for arealet det no vert søkt om. Arealet vil drenera både mot sør der det vil vera ein fangdam og mot nordvest mot ei myr. Over den vesle myra vil det verta påført eit tjukt lag med greiner og oppå dette vil det verta påført eit lite lag med jord. Greinene og myra vil filtrera eit eventuelt tilsig av jord og humus før arealet vert tilsådd. Fyllhøgda skal ikkje nokon stad på området vera over 3 meter.

#### VURDERING:

Tiltaket er utlagt som LNF-spreidd næring og er i samsvar med dette planformålet. Formålet er å betra tilhøva for jordbruksproduksjon. Alver kommune har fokus på at overskotsmassar frå ulike utbyggingsprosjekt skal verta brukt til nytte for samfunnet, særleg landbruket. Søkjar har over fleire år teke mot overskotsmassar og planert desse til svært fine jordbruksareal slik at han har svært god røynsle med slikt arbeid.

Søknaden er vurdert i høve til forurensingsforskrifta kap 4, bakkeplaneringsforskrifta. Bakkeplaneringsforskrifta sitt verkeområde og formål er: Denne forskriften gjelder anlegg av planeringsfelt samt drift og vedlikehold av nye og eksisterende planeringsfelt. Forskriften har til formål å forebygge, begrense eller stanse forurensning/erosjon fra planeringsfelt.

Verknad av tiltaket og kva som er risikofaktorar er vesentleg i kommunen si vurdering. Landbruksjefen var på synfaring 13.02.19 og det var då vist korleis planen var for området. Det vert etablert steinsette vollar som både beskyttar mot avrenning og utglidning. Området vert gjerda inn slik at det ikkje utgjer fare for friluftslivet i området. Det er etablert fangdam og avrenning vert leda til vegetasjonssone. Plan for arbeidet er i tråd med det som kommunen vanlegvis etterspør i slike saker.

Nytte av tiltaket og driftsmessig god løysing  
Tippene ligg like ved driftsbygning. Ei forbetring av desse arealet vil vera positivt både for å auka avlingsmengda, lettare driftsforhold og gje betre tilhøve for både beiting og drift.

#### *Landskapsbilete/friluftsliv/kulturminne*

Arealet rundt er eksisterande jordbrukslandskap, og når anlegget er ferdig vil det bli fint inn i dette kulturlandskapet. Det ligg omsynssone landbruk og friluftsliv på plankart og kommunen er kjent med at dette er eit populært turområde. Arbeidet må utførast slik at ikkje kjem i konflikt med friluftsinteresser.

Det er ingen kjente kulturminne på området, og det vart heller ikkje gitt merknader frå fylkeskommunen då arealet vart lagt ut i plan. Under arbeidet må ein vera merksam på funn/konstruksjonar som kan knytte seg til kulturminne/formminne og rapportera dette til kommunen eller Hordaland Fylkeskommune, kulturavdelinga, jf. Lov om kulturminne § 8, 2 ledd.

#### *Avrenning/ureining/utgliding*

Erfaringsmessig er det partikkelavrenning i form av humus som er den største utfordinga frå jordtippar, men dette er tatt omsyn til i planlegging av tippen. Faren for ureining er difor låg. Det vil berre verta gitt løyve til tilkjøring av reine jord og steinmassar. Det må etablerast mottakskontroll slik at ein har kontroll med kva massar som vert kjørt inn på tippen.

#### *Drenering*

Det vil i samband med arbeidet lagast avskjeringsgrøfter og handtering av overvatn. Det er fornuftig at arealet vert profilert slik at det meste av vatnet kan renna av på overflata.

#### *Naturmangfald:*

Det er gjort søk i naturbase og artsdatabanken. Det er ikke registrert artar eller naturtypar som kan ta skade av tiltaket.

Etter landbruksavdelinga sitt syn er kunnskapsgrunnlaget etter i naturmangfaldlova tilstrekkeleg utgreidd. Generelt gjeldt det at alle inngrep som vert gjort i naturen skal utførast mest mogleg varsamt. Ut frå ei samla vurdering meiner kommunen at det er tatt naudsynt omsyn til naturmangfaldet jf. 8-12 i naturmangfaldlova.

I vassdirektivet sine føringar må ikke vasskvaliteten verta dårlegare enn før arbeidet tok til. På grunn av avstand til større vassdrag (Tveitavatnet) og etablering av fangdam og vegetasjonssone meiner rådmannen at det er liten risiko for negativ påverknad på vassdrag.

#### *Framande artar*

Flytting av jord kan innebera spreiling av framande artar, men erfaring frå andre jordtippar i området er at jordbruksdrifta med gjødsling, sprøyting etc. i stor grad er ein effektiv måte og hindra vidare oppformering. Søkjar bør vera merksam på denne utfordinga når anleggsarbeidet startar opp, og det må vurderast om det er problem med framande artar der massane kjem frå.

#### *Transport:*

I tida rundt jobb/skulestart og sjobb/skuleslutt vil det vera mange born/foreldre på denne vegen, og ein bør difor unngå å kjøra masser i dette tidsrommet

Tippen bør såast kvart år slik at den er grøn før vinteren, då dette reduserer utslepp av klimagassar frå sjølve tippen og bidreg til at livet i jorda kjem i gang.

#### *Støy/støv:*

Anleggsarbeid medfører både støy og støv, men tippen ligg i avstand til anna bebyggelse og ein vurdera difor at dette er eit mindre problem. Grusvegar kan støva mykje i tørre periodar og det er ein fordel om dei kan vatnast eller saltast visst dette vert eit problem.

## Konklusjon

Den ferdige jordtippene vil kunna gje auka avling på jordbruksarealet og betre driftsforhold. Det er ikke registrert at natur- eller kulturverdiar vert råka av tiltaket. Kommunen har høve til å setja vilkår for å sikra at gjennomføring og ferdigstilling av arbeidet vert gjennomført i tråd med vedlagt plan og gjeldande lovverk. Lars Øyvind Hillestad står ansvarleg for arbeidet. Det kan berre kjørast til reine jordmassar og det må etablerast mottakskontroll. Transport av massar til tippen bør ikkje foregå i tida rundt skulestart og skuleslutt. Etter ei samla vurdering vert det gjeve løyve til tiltaket.

## Regelverk

Forureiningsforskrifta kap. 4. - bakkeplanering

## Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

## Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønsker. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: «20/3511»

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Landbruk

Siril Sylta  
Tenesteleiar

Laila Bjørge  
Avdelingsleiar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

## Mottakarar:

Lars Øyvind Hillestad

Alvervegen 37 B

5911 ALVERSUND